

Årsplan for Bygstad skule SFO

2025-2026



Presentasjon av SFO

Denne årsplanen byggjer på rammeplanen for SFO og vedtektene for SFO i Sunnfjord kommune.

Skulefritidsordninga (SFO) er eit fritidstilbod før og etter skuletid for elevar i 1.-4.klasse og elevar med særskilde behov i 5.-7.klasse. På Bygstad skule jobbar vi for at alle skal trivast under like føresetnader. Alle skal ha det godt på SFO! Vi skal gje borna eit godt fritidstilbod og ha ein balanse mellom frileik og organiserte aktivitetar inne og ute. Det skal også i følgje rammeplanen vere rom for rekreasjon og kvile.

Opningstider SFO Bygstad skule:

- Opningstida på SFO er frå kl. 07.00 til skulestart kl 09.00, og frå skuleslutt 14.40 til kl. 16.30.
- Onsdagane har elevane frå 1.-4.klasse halv skuledag tredjekvar onsdag. Dei gongene det ikkje er skuledag er SFO open heile dagen frå 07.00-16.30.

• Dei vaksne på SFO skal:

- Gje alle borna omsorg og tryggleik
- Ha eit ope blikk for alle born
- Ha faste barnemøter der alle born får seie si meining og vere med på å bidra til eigen SFO-kvardag
- Bidra til at borna opplever glede og meistring
- Legge opp til skaparglede og positivitet

Tilsette ved SFO

Vi har fire faste i personalet på SFO:

- May-Linn Hellebust, SFO-leiar. Tlf: 41459271
 - Lisbeth Nydal, fagarbeidar. Tlf: 41604366
 - Monika Lampe, assistent. Tlf: 96887779
 - Nikolai Selvåg, fagarbeidar. Tlf: 91689471
- Niklas Follevåg Berglund Tlf: 90152940

SFO Bygstad skule. Tlf: 45979201

Organisering av SFO-dagen


Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<u>07.00-08.30</u> Samla gruppe Frukost fram til 08.15 Roleg aktivitet inne	<u>07.00-08.30</u> Samla gruppe Frukost fram til 08.15 Roleg aktivitet inne	<u>07.00-08.30</u> Samla gruppe Frukost fram til 08.15 Roleg aktivitet inne	<u>07.00-08.30</u> Samla gruppe Frukost fram til 08.15 Roleg aktivitet inne	<u>07.00-08.30</u> Samla gruppe Frukost fram til 08.15 Roleg aktivitet inne
<u>08.30-09.00</u> Vi går ut og leikar	<u>08.30-09.00</u> Vi går ut og leikar	<u>08.30-09.00</u> Vi går ut og leikar	<u>08.30-09.00</u> Vi går ut og leikar	<u>08.30-09.00</u> Vi går ut og leikar
<u>09.00-14.40</u> Stengd	<u>09.00-14.40</u> Stengd	<u>09.00-11.30</u> Dei onsdagane det er skulefri har vi ulike aktivitetar på SFO alt etter tema for perioden.	<u>09.00-14.40</u> Stengd	<u>09.00-14.40</u> Stengd
<u>14.40-16.30</u> Aktivitet ute og inne	<u>14.40-16.30</u> Aktivitet ute og inne	<u>11.30-16.30</u> Lunsj Frileik ute eller inne	<u>14.40-16.30</u> Aktivitet ute og inne	<u>14.40-16.30</u> Aktivitet ute og inne

Nytt på SFO:

3.klasse-klubb

Skuleåret 2024/2025 testa vi ut 3.klasse-klubb på SFO. Dette var eit tiltak som ein sette i gong for å auke gleda og motivasjonen for å vere på SFO blant dei som er eldst. Som medlem av 3.klasse-klubben får ein trekke seg vekk som klubb og gjere ulike aktivitetar. Førre skuleår hadde vi fylgjande aktivitetar:

- 😊 Laga eigen kiosk der ein som medlem er med på å servere ulike måltid og drikke til dei mindre borna
- 😊 Var med og arrangerte og jobba på marknadsdagen vi hadde på SFO
- 😊 Dataklubb
- 😊 Matlaging
- 😊 Eigne møter angående eigen SFO-dag



Frionsdag på SFO

Dei onsdagane det ikkje er halv skuledag legg vi opp til ulike stasjonar på SFO. Denne dagen gjer vi litt ekstra ut av då vi har betre tid til å legge opp til ulike aktivitetar/stasjonar:

😊 Fysisk aktivitet:

Her nyttar vi ofte både hallen, gymsalen og uteområdet

😊 Matlaging og måltidsglede:

Borna får vere med å lage ulike varme og kalde måltid. Vi har fokus på å nyte maten saman, og vi øver på å gje kvarandre matro

😊 Forming:

Vi har vaksne på SFO som brenn for at borna skal få utfalde seg og utvikle skaparglede.

😊 Tur:

Vi er glade i, og ynskjer at borna skal bli kjend med eige nærmiljø. Vi går på tur saman, og er ekstra glade i å gå opp i skogen ovanfor skulen og leike, og nyttar oss ofte av Gapahuken. Eiaåsen er også ein fin plass der borna er kjende og får utfalde seg.

SFO-tilbod

Tilbod	Timar	Pris per månad 1.-3.klasse	Pris 4. klasse
B-tilbod	Fulltid	1645,-	3435,-
C-tilbod	Inntil 20 timar i veka	1165,-	2946,-
D-tilbod	Inntil 12 timar i veka	Gratis	2425,-
E-tilbod	Inntil fem timar i veka	Gratis	1435,-
	Kjøp av heil dag	280,-	365,-
	Sommar-SFO kjøp av heil dag	301,-	410,-
	Kjøp av veke i skuleferie og sommarferie	1405,-	1875
	Gebyr ved seint henta barn	425,-	425,-

- **Ferie-SFO**

Før kvar ferie blir det sendt ut elektronisk påmelding i Visma Flyt skule. Ein må her melde på borna om dei vil nytte seg av SFO-tilbodet i feriane.

- **Oppseiing**

Oppseiingsfristen er på ein månad. Oppseiing i Visma flyt skule før den 1. i kvar månad med verknad frå den 1. i påfølgjande månad. Ved byte til eit mindre tilbod gjeld oppseiingsfrist på ein mnd. Om ein byter til større tilbod kan endring gjelde straks. Det er ikkje høve til å seie opp etter 1.april.

Periodeplanar

Periode og tema

August-september: Bli kjende

- ☺ Bli kjende, og velkomen til 1.klasse
- ☺ Borna skal trivast på SFO
- ☺ Borna skal synest at SFO er ein god stad å vere
- ☺ Borna skal føle at dei høyrer til

Aktivitetar:

- Blikjend-leikar der born og vaksne deltek
- Spele spel
- Halde barnemøte der born og vaksne i fellesskap lagar felles reglar på SFO
- **Markering i perioden:** Grønsakssuppe høyrer hausten til. Vi lagar den saman og samlast rundt bordet!

Periode og tema

Oktober-november: Haust og fellesskap

- ☺ Borna skal oppleve å høyre til i gruppa
- ☺ Minne på reglar
- ☺ Styrke nye venskap
- ☺ Få til ein god struktur på SFO-dagen

Aktivitetar:

- Lage haustvindauge
- Aktivitetsdag i hallen
- **Markering i perioden:** Vi tek fargane frå hausten med oss inn på kjøkenet og kuttar opp grønnsaker og lagar dipp!

Periodeplanar

Periode og tema

Desember: Advent og jul

😊Roe ned og kose oss

😊Skape julestemning på SFO

😊Halde barnemøte med dei nye 1.klassingane: Korleis har oppstarten vore?

Aktivitetar:

- Lage julebakst
- Pynte til jul på SFO

Markering i perioden: Nissefest!

Periode og tema

• Januar-februar: Vinter og leseprosjekt

- 😊Borna skal oppleve gleda av å vere ute
- 😊Borna skal oppleve gleda av å lese

• Aktivitetar:

- Vi kosar oss inne med høgtlesing på biblioteket. Vi målar kvar sine kunstverk i samband med boka.
- Vi diktar og skriv vår eiga forteljing i fellesskap. Er det nokre forfatterspirer blant borna?
- Vi akar og lagar snømenn i snøen. Vi håpar på mykje snø!

Markering i perioden: Ski/akedag!

Periodeplanar

Periode og tema

• Mars-april: Vår og påske

- 😊Bli kjend med nærmiljøet
- 😊Ta vare på naturen og nærmiljøet, og bruke naturen aktivt
- 😊Halde barnemøte
- Aktivitetar:
- Lage påskepynt
- Gå turar
- Vi skal lære oss ein countrydans
- **Markering i perioden:** Felles påskelunsj på SFO som borna får vere med å tilberede!

Periode og tema

• Mai-juni:Sommar og 17.mai

- 😊Borna skal lære ulike regelleikar, også slike som de foreldra leika når de var små
- 😊Ulike aktiviteter ute
- 😊Fokus på musikk og dans

Aktiviteter:

- Pynte til 17.mai
- Vi held fram med å øve oss på dansen

Markering i perioden: Marknadsdag på SFO med ulike "boder" og leikar!

På SFO har vi desse forventningane til foreldre/ føresette:

- De gjev melding i god tid når bornet ikkje kjem på SFO. Ring eller send melding til SFO-leiar og legg inn melding om det i Visma Min skole-appen.
- Borna som skal på SFO frionsdagane må vere komne til seinast 09.30 då vi av og til går ut på tur eller finn på andre aktivitetar utanfor skulen sitt område.
- De sender med bornet klede og sko som passar til ein SFO-dag, slik at ho/han kan vere både ute og inne.
- De sender med ekstra mat dersom bornet skal ete frukost/ettermiddagsmat på SFO.
- De les og fylgjer opp informasjon frå SFO.
- De tek kontakt om de har spørsmål kring SFO-opphaldet til bornet dykkar.

Foreldresamarbeid

- Vi på Bygstad skule ønskjer å ha god kontakt med dykk som foreldre gjennom uformell samtale ved bringing/henting. Vi på SFO har ikkje organiserte foreldresamtalar, men dei som ønskjer må berre ta kontakt med SFO-leiar for ein samtale.
- Om det er noko, smått eller stort må de ta kontakt. Saman blir vi drivande gode!